



Kystvaktskipet TOR er på plass i Uskedalen under Festidalen.

Ei prioritert oppgåve på Festidalen har vore og er tryggleik. Alle som kjem til Uskedalen og festivalen skal føla seg trygge og ivaretekne på den beste måten. Vaktene fekk i går på infomøte klar melding om å fylgja godt med og sjå til at alle trivst og at ingen vert usett for uønska hendingar. Vergeordninga skal ivareta sikkerheten til alle mindreårige.

Frivillige og alle vaktene er grunnlaget for god sikkerhet. I tillegg kjem Røde Kors med eige telt og base. Politiet køyrer patrulje og kjem innom festivalområde. Vaktselskapet Protec er på plassen og handterer det som kan vera vanskelege tilfelle.

Kystvaktskipet TOR kom til Uskedalen i går. Skipet har vore inne på Stølavikjo i dag. Ei stund låg det ved Vetlaskjeret på Holmen. Fast kai plass er Børneskaien. Kystvakta har ein førebyggjande effekt i høve til dette med alkohol og båtbruk.

Sjølv om det ikkje er Festitaren eller andre aktivitetar i båthamna i år, er det ein sikkerhet i å ha kystvakta på besøk. Mannskapet vil koma i land og ta turen inn på festivalområde.

Alle må vera merlsame på at Festidalen har ein beredsskapstelefon: 917 25 441.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs